

STRANDA KOMMUNE  
Kontrollutvalet

## MØTEINNKALLING

---

Kopi til: Ordføraren  
Revisor  
Rådmannen

Medlemene av  
Kontrollutvalet

### INNKALLING TIL MØTE I STRANDA KONTROLLUTVAL

Det blir med dette kalla inn til møte

**torsdag, 19.04.2018 kl. 16.05 i Formannskapssalen**

#### SAKLISTE:

- Sak 01/18 - Godkjenning av møtebok frå møte 13.11.2017
- « 02/18 - Vedrørande KU-sak 07/17 og 11/17– Refusjonar Svemorka
- « 03/18 - Eigarskapskontroll for ÅRIM (Ålesundregionens interkommunale miljøselskap IKS) på vegne av Ålesund kommune. Kunnskapsdeling med Stranda kommune.
- « 04/18 - Oppdatering angående eigarskapskontroll av Stranda Energi AS, Stranda Eigedomsselskap AS og Byrg Kompetanse AS.
- « 05/18 - Årsrapport 2017 Skatteoppkrevjaren i Stranda kommune.
- « 06/18 - Førespurnad frå Frank Sve; «bryt Ordføraren lovverket?»

Eventuelt

Dersom det er vanskeleg å møte, gje melding på telefon 70 17 21 58 eller 926 11735 til dagleg leiar eller e-post [bjorn.tommerdal@skiks.no](mailto:bjorn.tommerdal@skiks.no)

Inge Gjærde  
leiar  
(sign.)

## **Sak 01/18 - Godkjenning av møtebok frå møte 13.11.2017**

### **KONTROLLUTVALET I STRANDA KOMMUNE**

### **MØTEBOK**

Møtetidspunkt: 13.11.2017 kl. 1605 – ca. kl. 1830  
Møtestad: Formannskapssalen

Til stades:

- Frå utvalet: Inge Gjærde, leiar; Ole Jørgen Sve, medlem;  
Eva Rinde Habostad, medlem; Anne Melgaard Tårn, medlem

#### **= 4 voterande**

Nestleiar Helge Kvame hadde forfall.

- Frå kontrollutvalsekretariatet: Stedfortredar for dagleg leiar: Kjetil Kvammen
- Frå kommunerevisjonen: Kst. dagleg leiar Kurt A. Løvoll og  
oppdragsansvarleg revisor Anne Nygård
- Frå kommuneadministrasjonen: Rådmann Åse Elin Hole og  
økonomisjef Ståle Anker Ljøsen

Møtet vart opna og leia av Inge Gjærde.

Etter framlegg frå møteleiar blir budsjett 2018 for kontrollutvalet å handsame under sak 15/17.

Der var elles ingen merknader til innkalling og sakliste.

#### **Behandla saker**

### **SAK 08/17 GODKJENNING AV MØTEBOK FRÅ MØTE 13. JUNI 2017**

**Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:**

Møtebok frå møte 13. juni 2017 blir godkjend.

**SAK 09/17**  
**OFFENTLEGHEIT / LOVLEGKLAGE**

Møteleiar gjekk gjennom historikken for saka, slik denne er gjort greie for i saksutgreiing med underliggende vedlegg.

**Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:**

Saka blir lagd fram for kommunestyret med slik

**innstilling:**

1. Kommunestyret tek til vitande at kommuneadministrasjonen løpande arbeider for å betre rutinar og praksis omkring reglane for offentlegheit/lovlegkontroll.
2. Kommunestyret tek kontrollutvalet sin rapport til orientering.

**SAK 10/17**  
**KOMMUNEREKNESKAPEN PR. 2. TERTIAL 2017**

Økonomisjef Ståle Anker Ljøen orienterte.

Det totale biletet av rekneskapen er positivt, og syner god kontroll. Det er gjennomgåande mindreforbruk og god budsjettdisiplin.

Kontrollutvalet har merka seg bortfallet av rammeoverføringer, kr. 6,9 millionar over 15 år, som konsekvens av at Stranda kommune så langt har vald å stå åleine, jfr. kommunereforma.

**Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:**

Økonomirapport 2. tertial 2017 vert teken til orientering.

**SAK 11/17**

**STATUS VEDKOMANDE INNBETALTE VEDERLAG / KOSTNADSBIDRAG VEDKOMANDE**  
**ANLEGG I SVEMORKA**

Økonomisjef Ståle Anker Ljøen opplyste at kommunen via friviljuge avtalar har fått innbetalt i alt kr.

17.172.729,-. Dette er ikkje tale om refusjonar i medhald av plan- og bygningslova kap. 18.

Kommunerevisjonen har fått oppdrag med å gjennomgå opplysningane om desse inntektene, basert på mellom annan ein rekneskapskontroll.

**Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:**

Kontrollutvalet tek saka til orientering.

**SAK 12/17**

**BUDSJETT 2018**

Økonomisjef Ståle Anker Ljøen gjekk gjennom framlegget til budsjett 2018 frå rådmannen.

**Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:**

Kontrollutvalet tek saka til orientering.

**SAK 13/17**

**OVERORDNA REVISJONSSTRATEGI OG ENGASJEMENTSBREV**

Møteleiar gjekk gjennom overordna revisjonsstrategi, kommunerevisjonen sitt dokument datert 18.10.2017.

Vidare vart erklæring datert 04.10.2017 om uavhengigheit, signert oppdragsansvarleg revisor for Stranda hamnevesen KF, Knut Gunnar Alnes, gjennomgått. Dessutan vart engasjementsbrev av 04.10.2017 for Stranda kommune dokumentert.

Frå revisjonen vart det opplyst at ny oppdragsansvarleg revisor for Stranda kommune frå 01.11.2017 er Anne Nygård.

**Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:**

Kontrollutvalet tek saka til orientering.

**SAK 14/17**

**EIGARSKAPSKONTROLL**

Sekretariatet gjorde greie for at eigarskapskontroll forankra i kontrollutvalet sitt vedtak i sak 16/16 no er sett i gong.

**Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:**

Kontrollutvalet tek opplysningane til orientering.

**SAK 15/17**

**BUDSJETT 2018 – STRANDA KONTROLLUTVAL**

Det låg føre framlegg om budsjett til kurs- og reiseaktivitet.

**Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:**

Kontrollutvalet sitt budsjett til kurs- og reiseaktivitet i 2018 blir sett til kr. 40.000,-.

**SAK 16/17**

**PRESENTASJON AV NY OPPDRAGSANSVARLEG REVISOR**

Anne Nygård hadde ordet for ein kort presentasjon. Det kom fram at ho dei seinaste fire åra har vore økonomisjef i Norddal kommune, og før dette har fleire års praksis frå revisjon. Anne Nygård har no oppdragsansvar for seks kommunar, mellom anna Stranda kommune.

Då det ikkje låg føre fleire saker til handsaming, vart møtet heva.

Inge Gjærde  
leiar  
(sign)

Anne Melgaard Tårn  
medlem  
(sign.)

Eva Rinde Habostad  
medlem  
(sign.)

Ole J. Sve  
medlem  
(sign.)

## Sak 02/18 - Vedrørande KU-sak 07/17 og 11/17– Refusjonar Svemorka

Det vert synt til tidlegare handsaming i kommunestyret og kontrollutvalet.

Frå kommunerevisjonen ligg det føre utgreiing av 10.ds. vedkomande dei spørsmåla som kommunestyret har stilt, jfr. **vedlagde** kopi av utgreiinga med vedlegg 1 og 2.

Kontrollutvalssekretariatet har følgjande merknader til kommunerevisjonen si utgreiing:

1. Revisjonen avviser ikkje at kravet om refusjonar som er falt bort på grunn av sakshandsamingsfeil har eit refusjonsgrunnlag på inntil 35,1 mill. kroner. Det blir presisert at etter ein pålagd høyringsrunde, kunne grunnlaget og fordelinga bli endra. På den andre sida har kommunen gode argument for at verdiauknen er like stor som investeringa i slike saker.
2. Det er ikkje innbetalt refusjonar til kommunen med grunnlag i kapittel 18 i plan- og bygningslovas. Frå private (Orkla Foods Norge AS) er det innbetalt 17,2 mill. kroner. Av oppstillinga frå økonomisjefen blir 6,3 mill. kroner ført opp som inntekt til prosjektet «Avløp Sve-Berge». Kontrollutvalssekretariatet forstår det slik at dette beløpet inkluderer kostnadsbidraget på 3,6 mill. kroner som selskapet etter avtale datert 13.11.2015 skulle yte kommunen. Dette bidraget var eit frivillig økonomisk bidrag, og ikkje refusjon etter plan- og bygningslova. Vidare er ført opp 1,7 mill. kroner innbetalt til prosjektet «Veg Stabburet-Svemorka». Resten av innbetalinga, 9,1 mill. kroner, gjeld grunnkjøp og eleveforbygging, som ikkje kjem inn under refusjonsgrunnlaget.
3. Revisjonen finn det vanskeleg å talfeste dei økonomiske konsekvensane for kommunen og sjølvkostområdet, som følgje av tapte refusjonar. Årsaka er at det estimerte beløpet 35,1 mill. kroner kunne ha blitt redusert etter ein høyringsrunde, men også at prosjekta ikkje er delt opp og rekneskapsført på ein slik måte at det som kunne kome inn under refusjonsordninga, let seg skilje ut.
4. Revisjonen er likevel klar på at prosjektet «Avløp Sve-Berge» er ført på sjølvkost og inngår i berekningsgrunnlaget for kommunale gebyr på vatn og avløp, og at tap blir dekka av gebyr på sjølvkosttenestene vatn og avløp.
5. Prosjektet «Veg Stabburet Svemorka 2014» inngår ikkje i berekningsgrunnlaget for kommunale gebyr. Det betyr at tapte refusjonar må dekkjast over kommunen sitt driftsbudsjett.

6. I granskingsrapporten om prosessen VA-anlegg og veg Svemorka, lagt fram for kommunestyret 25.01.2017 (sak 003/17), var bortfall av rett til refusjonar eit av dei avvika som vart påpeika. I kommunestyrets vedtak i saka vart rådmannen pålagd å legge fram sak med tiltak som skal forebygge avvik omtala i kommunestyresaka. Rådmannen la fram slik sak med tittelen Kvalitet- og internkontroll til kommunestyremøtet 14. 12. 2017.

Kontrollutvalssekretariatet legg på denne bakgrunn saka fram for kontrollutvalet med slikt framlegg til **vedtak**:

Kontrollutvalet sender saka over til kommunestyret med slik  
**innstilling:**

Kommunestyret tek saka til orientering

Bjørn Tømmerdal  
dagleg leiar  
Sunnmøre kontrollutvalsekretariat

Stranda kontrollutval

Vår saksbehandler:  
Kurt A. Løvoll

Vår dato:  
10.04.2018  
Deres dato:

Vår referanse:  
Deres referanse:

**Vedrørande KU-sak 07/17 og 11/17– Refusjonar Svemorka**

I KU-sak 07/17 – *Refusjonssak Svemorka jf. kommunestyrevedtak* vart følgjande vedteke:

*Kontrollutvalet ber kommunerevisjonen undersøkje:*

1. *Kva for refusjonar og anleggsbidrag kommunen har motteke ved prosjektslutt.*
2. *Kva for økonomiske følgjer bortfall av refusjonskrav vil få for kommunen og sjøkostområdet.*

I KU-sak 11/17 – Status vedkomande innbetalte refusjonar vedkomande anlegg i Svemorka, orienterte økonomisjefen om denne saka, og det vart då gjort greie for innbetalinger som var motteke.

I Kommunestyresak 026/17 låg det ved ei utgreiing utarbeidd av Bjørnar Andersen, og kvalitetssikra av advokatkontoret Judicia. Det går fram av saka at «Som følge av at anlegget vart «påstarta» før førebelse vedtak om refusjon vart gjort, er kravet om refusjonar falt bort».

Utgreininga konkluderer med at det kunne vore kravd refusjon for 3 delar:

Refusjonseining 1 – Tilkomstveg og vassledning frå høgdebassenget til Morkevegen

Refusjonseining 2 – Vassledning frå høgdebassenget til Berge

Refusjonseining 3 – Avløpsnett med tilhøyrande kummar

Her skal det leggjast til at det ikkje er alle utgifter det kunne vore kravd refusjon for. Jf. Plan og bygningslova §18-1 og §18-5 er det m.a. avgrensingar på at det ikkje kan krevjast for meirkostnader for vass- og avlaupsleidningar over ein viss storleik eller omfang.

Utgreiinga gir eit oppsett på moglege refusjonar ein kunne ha kravd dersom krav om refusjonar ikkje hadde falt bort. I sjølve saka går det fram at budsjetterte investeringar som kunne vore gjenstand for refusjonar utgjorde om lag 35,1 mill. kroner.

I vedlagte oppsett (vedlegg 1) frå økonomisjefen i Stranda kommune går det fram inntekter frå Orkla Foods Norge as på 17,2 mill. kroner eks. mva., men som det gjekk fram av saksutgreiinga frå rådmannen var det av dette 6,2 mill. kroner som kunne vurderast å vere innbetalt i høve refusjonsgrunnlaget.

- Rådmannen konkluderte i saksutgreiinga si med at i grove trekk kan ein «seie at Orkla har betalt sin del, mens mange andre kunne vore kravd refusjon av om saka hadde vore handtert på ein betre måte.»

Vi legg her ved oppsett på to prosjektrekneskap (vedlegg 2) vi har motteke. Det første viser brutto investeringsutgifter på 9,6 mill. kroner på «Veg Stabburet Svemorka 2014» i perioden 2014-2016. Her er inntektsført refusjon frå Orkla på 1,7 mill. kroner.

Det andre viser at det har blitt brutto utgiftsført 43,6 mill. kroner i investeringar på prosjektet «Avløp Sve-Berge» i perioden 2015-2017. Dette siste prosjektet er sett saman av både vatn og avlaup. I dette talet ligg ei utviding av prosjektet slik vi forstår det (og som ikkje ville ha kome inn under refusjonsordninga), og det har og medført at Orkla betalar inn 6,3 mill. kroner til dette prosjektet. Dette er ei auke på 1,8 mill. kroner, men denne auken gjeld ikkje den delen av dette prosjektet som eventuelt kunne vore omfatta av refusjonsordning (gjer at inntektene frå Orkla har auka til 17,2 mill. kroner). I tillegg er det slik vi forstår det utgiftsført investeringar som ikkje ville kome inn under ei eventuell refusjonsordninga då prosjektrekneskapet ikke tek omsyn til at der har vore investeringar knytt til større dimensjonar der meirkostnad ikkje ville kome inn under refusjonsordninga. Årsak til dette er at det ikkje var vedteke noko refusjonsprosjekt då ein første desse prosjektrekneska, og at det difor ikkje var naturleg å dele opp prosjekta på ein slik måte. Prosjektrekneskapet er mao ikkje verken tilsvarande eller delt opp på same måte som dei såkalla refusjonseiningane.

I saka som vart lagt fram frå rådmannen vart det som nemnt estimert om lag 35,1 mill. kroner som mogleg kunne kome inn under refusjonsordninga. Det er likevel ikkje slik at investeringane på 35,1 mill. kroner automatiskt kan sjåast på som grunnlag for refusjonar. Ei forslag til fordeling av så store investeringar skal sendast på høyring, og det skal gjerast vurderingar etter eventuelle merknadar i ei slik høyringsrunde. Dette kunne medføre at refusjonsgrunnlaget og eventuell fordeling vart endra. Vidare er det slik at refusjonsplikta er avgrensa til eventuell verdiauke på tomta, mao kva nytte investeringa har gitt. Mao må samla verdiauke på tomtene som det kan bli kravd refusjon for, minst vere tilsvarande eventuelt krav om refusjon. Her skal det likevel leggjast til at det etter vår vurdering ville lagt på grunneigarane å gje motsvar/motprov til eventuelle tal frå kommunen då det slik vi forstår det i utgangspunktet ligg føre ein såkalla «presumsjon» for at verdiaukene er like stor som investeringa i slike saker.

Det blir etter vår vurdering likevel vanskeleg å gje eit godt svar på spørsmål nr 2 frå kontrollutvalet. For det første er det ikkje gitt at det første estimerte beløpet hadde stått seg etter ei høyringsrunde og eventuelt skjøn. Men her kunne ein valt å legge den såkalla «presumsjonen» til grunn og gjort berekningar ut frå det. Det som likevel gjer det enda meir problematisk er at prosjekta ikkje er delt opp og rekneskapsført på ein slik måte at faktiske utgifter som eventuelt kunne kome inn under refusjonsordninga lett let seg skilje ut.


Det er uansett slik at prosjekt «Avløp Sve-Berge» er ført på sjølvkost og inngår i berekningsgrunnlaget for kommunale gebyr på vatn og avlaup. I den grad det oppstår tap på dei delane av dette prosjektet som ville kome inn under refusjonsordninga, vil mao ein økonomisk konsekvens av eit slikt tap vere at det blir dekka av gebyr på sjølvkosttenestene vatn og avlaup.

Prosjektet «Veg Stabburet Svemorka 2014» inngår ikkje i berekningsgrunnlaget for kommunale gebyr, og der blir renter og avdrag dekt av kommunen sitt driftsbudsjett. Det inneberer at eit eventuelt tap blir dekka over kommunen sitt budsjett.

Dette notatet er sendt til rådmannen til høyring. Rådmannen har ikkje merknader til notatet og skriv følgjande:

*Brevet vert teke til orientering. Saka har vore grundig arbeidd med i administrasjonen og kvalitetssikra av advokatfirmaet Judicia. Rådmannen har ikkje noko meir å tilføye i saka.*

Med helsing



Kurt A. Løvoll  
konst. dagleg leiar

Kopi: Rådmannen i Stranda kommune

**STRANDA KOMMUNE**  
**ØKONOMISJEFEN**

UTFAKTURERT ORKLA FOODS NORGE AS - SVEMORKA

Faktura nr:	Fakturadato:	Tekst:	Sum eks mva:	Mva:	Sum inkl. mva:
5007545	09.12.2015	Opparbeida tomt GBN 27/56	644 970	-	644 970
"	"	Tomt opparbeida av PLA-MEK Eigedom	249 281	-	249 281
"	"	Teknisk arbeid tomt PLA-MEK Eigedom	1 200 000	300 000	1 500 000
"	"	Del av friareal GBN 27/30	315 030	-	315 030
"	"	Dokumentavgift	60 232	-	60 232
		<b>TOTALT</b>	<b>2 469 513</b>	<b>300 000</b>	<b>2 769 513</b>
5007546	10.12.2015	Grunnkjøp fryseri	3 978 000	-	3 978 000
"	"	Erstatning OJS	1 350 000	-	1 350 000
		<b>TOTALT</b>	<b>5 328 000</b>	<b>-</b>	<b>5 328 000</b>
55009419	09.09.2016	Anleggsbidrag framføring av vann	3 600 000	-	3 600 000
		<b>TOTALT</b>	<b>3 600 000</b>	<b>-</b>	<b>3 600 000</b>
5008118	24.11.2016	Delkostnad veg	1 726 500	-	1 726 500
"	"	Delkostnad elveforebygging	1 345 000	-	1 345 000
"	"	Delkostnad vann	442 125	-	442 125
"	"	Delkostnad avløp	442 125	-	442 125
		<b>TOTALT</b>	<b>3 955 750</b>		<b>3 955 750</b>
Ikkje fakt.	n.a.	Anleggsbidrag avtale 20.06.2017	1 819 466	-	1 819 466
		<b>TOTALT</b>	<b>1 819 466</b>	<b>-</b>	<b>1 819 466</b>
<b>TOTALT UTFAKTURERT</b>			<b>17 172 729</b>	<b>300 000</b>	<b>17 472 729</b>

Fordelt på prosjekt:					
	6088	Avløp Sve-Berge	6 303 716	-	6 303 716
	6706	Veg Stabburet Svemorka	1 726 500	-	1 726 500
	6151	Elveforebygging Svemorka	1 345 000	-	1 345 000
	6020	Grunnkjøp	7 797 513	300 000	8 097 513
		<b>Totalt</b>	<b>17 172 729</b>	<b>300 000</b>	<b>17 472 729</b>

**STRANDA KOMMUNE**  
**ØKONOMISJEFEN**

## PROSJEKTREKNESKAP 6706 VEG STABBURET SVEMORKA 2014

		Regnskap 2014	Regnskap 2015	Regnskap 2016	Totalt Prosjekt 6706
<b>Prosjekt:</b>	<b>6706 VEG STABBURET SVEMARKA 2014</b>				
31950	AVGIFTER, GEBYR, LISENSAR	-	5 575	-	5 575
32300	VEDLIKEHALD, BYGGTENESTER, NYBYGG	41 650	1 435 616	-	1 477 266
32340	VEDLIKEHALD SOMMAR	-	6 176 989	241 000	6 417 989
32350	VEDLIKEHALD KUMMAR OG ANLEGG	-	1 122 990	-	1 122 990
32700	KONSULENTTENESTER	37 742	252 929	-	290 671
32701	JURIDISK BISTAND	-	79 949	-	79 949
34290	MVA PÅ VEDERLAG, MVA-PLIKTIGE KJØP (INV)	19 848	1 948 770	60 250	2 028 868
35000	RENTEUTGIFTER/LÅNEKOSTNADER	-	-	218 129	
	Sum utgifter	99 240	11 022 818	519 379	11 641 437
					-
37290	Komp. for mva kjøp utg. investering	-19 848	-1 948 770	-60 250	-2 028 868
37700	REFUSJONAR FRÅ PRIVATE	-	-	-1 726 500	-1 726 500
	Sum inntekter	-19 848	-1 948 770	-1 786 750	-3 755 368
					-
	<b>TOTALT</b>	<b>79 392</b>	<b>9 074 048</b>	<b>-1 267 371</b>	<b>7 886 069</b>

**STRANDA KOMMUNE**  
**ØKONOMISJEFEN**

## PROSJEKTREKNESIKAP 6088 AVLØP SVE-BERGE

		Regnskap 2015	Regnskap 2016	Regnskap 2017	Totalt Prosjekt 6088
Prosjekt:	6088 AVLØP SVE-BERGE				
30100	FASTLØN	-	369 891	309 668	679 558
30502	ANNA LØN - VAKTGODGJERSLE	-	1 057	-	1 057
30513	TREKKPLIKTIG KØYREGODTGJERING	-	31	-	31
30910	PENSJONSINNSKOT KLP	-	74 594	39 511	114 105
30990	ARBEIDSGJEVARAVGIFT	-	48 892	37 256	86 148
31000	KONTORMATERIELL	-	857	-	857
31150	MATVARER	-	256	273	529
31601	SKYSS- OG KØYREGODTGJERSLE	-	388	-	388
31603	KOST- OG DIETTGODTGJERSLE	-	1 080	-	1 080
31705	IKKJE OPPGÅVEPLIKTIG REISEUTGIFTER	-	2 595	-	2 595
31950	AVGIFTER, GEBYR, LISENSAR	9 070	12 088	52 872	74 030
32350	VEDLIKEHALD KUMMAR OG ANLEGG	-	23 720 503	14 661 661	38 382 164
32700	KONSULENTTENESTER	231 776	1 766 825	688 857	2 687 458
32701	JURIDISK BISTAND	109 013	108 134	15 350	232 497
32800	KJØP AV TOMT/GRUNNKJØP	-	1 206 694	146 710	1 353 404
35000	RENTEUTGIFTER/LÅNEKOSTNADER	-	271 035	530 607	
35001	MORARENTE	-	-	5 816	
	Sum utgifter	349 859	27 584 919	16 488 581	43 615 901
36201	GEBYRINNTEKTER	-	-	-41 582	
37700	REFUSJONAR FRÅ PRIVATE	-	-4 484 250	-1 819 466	-6 303 716
	Sum inntekter	-	-4 484 250	-1 819 466	-6 303 716
	<b>TOTALT</b>	<b>349 859</b>	<b>23 100 669</b>	<b>14 669 115</b>	<b>37 312 185</b>

## **Sak 03/18 - Eigarskapskontroll for ÅRIM (Ålesundregionens interkommunale miljøselskap IKS) på vegne av Ålesund kommune. Kunnskapsdeling med Stranda kommune.**

### **Vedlegg:**

Eigarskapskontroll - Ålesundregionen interkommunale miljøselskap IKS som pdf fil.

### **Bakgrunn**

Rapporten har bakgrunn i ein prosjektplan vedteke av kontrollutvalet i Ålesund kommune. Rapporten vart behandla av Ålesund bystyre 22. mars 2018.

Ein selskapskontroll er delt i to komponentar - eigarskapskontroll og forvaltingsrevisjon. Eigarskapskontroll er den obligatoriske delen og inneber vurderingar av eigarskapsutøvinga og forhold som vedkjem rapportering og informasjonsflydd frå eit eigarperspektiv. Forvaltingsrevisjon er ein frivillig del av ein selskapskontroll. Den kan omfatte vurderingar av økonomi, produktivitet, måloppnåelse og verknader ut frå vedtaket og føresetnadene til kommunestyret.

Det er levert to rapportar. Denne rapporten omhandlar eigarstyringa. Forvaltingsrevisjonsrapporten vil bli behandla seinare.

Rapporten er send på høyring til ÅRIM og rådmannen. Høyringssvar framgår av forord og vedlegg.

### **Rapporten**

Det foreligger no ein omfattande rapport som klargjer mange sider som kommunerevisjonen anser relevant i forhold til å gi ei vurdering av korleis Ålesund kommune forvaltar eigarskapen sin av ÅRIM

Det gjennomgående temaet og fokuset for rapporten, er om eigarstyringa er god. God eigarstyring slik den er konkretisert i rapporten, melder at det inneber å føre kontroll med eigarinteressene sine. I dette ligg det at det er innført rutinar, altså etablert ein struktur som denne kontrollen blir utøvd gjennom og at den blir gjennomført. Denne strukturen kjem gjerne til uttrykk i eigarskapsmelding.

I tillegg til ei god eigarskapsmelding, inneber ei god eigarstyring at den blir utøvd i tråd med vedtaket til bystyret og føresetnader, aktuelle lovreglar og ikkje minst etablerte normer for god eigarstyring og selskapsleiing.

I rapporten er det framstilt saker som er lagde fram for politisk behandling. Både vedtaka og deler av saksframstillinga gir føresetnadene.

Det er peikt på ei rekke aktuelle lovreglar, som ein må tru at all god eigarar må meine er særleg viktige å overhalde.

KS sine tilrådingar for selskapsstyring er lagt til grunn som gode etablerte normer for eigarstyring.

Rapporten melder også at etablerte normer for god selskapsleiing melder at god kommunikasjon i alle ledd frå eigar, styrte, leiing og tilsette, er eit allment omtykt kjenneteikn på organisasjonar som har ei god styring mot å nå måla sine.

## **Om ÅRIM**

Rapporten gir først ei oversikt over historikken til ÅRIM. Den melder føresetnadene til bystyret for å vere med i eit interkommunalt samarbeid med dei andre kommunane på Nordre Sunnmøre innan avfallsområdet.

Tenestene som ÅRIM leverer kan grovt delast inn i renovasjon, slam, miljøstasjon, mobil miljøstasjon, returpunkt, informasjon og haldningsskapande arbeid. Selskapet har ein stor oppgåveportefølje, og den framgår som vedlegg til rapporten.

ÅRIM er regulert av ei rekke lover, reglar og føringar, og det er vurderinga til kommunerevisjonen at selskapet er veldrive og godt kjent med det regelverket som regulerer selskapet.

Kommunerevisjonen vurderer det også slik, at frå danningen av ÅRIM i 2009 og fram til i dag, så har selskapet i all hovudsak utvikla seg i tråd med intensjonane. Ei viktig årsak til opprettิงa av selskapet, var at ein så for seg at framtida for avfallsbransjen ville bli krevjande, med ei stadig omstilling som ville krevje betre kompetanse. Dette blir peikt på at dette framleis gjeld.

ÅRIM har ein stor oppgåveportefølje, og er i ein bransje med ei stor teknologiutvikling og stadige vesentlege endringar i rammevilkåra av regulerande styresmakt. Kommunerevisjonen vurdering er at selskapet er tilpassingsdyktig i forhold til dette. Styret, dagleg leier og dei tilsette, er etter deira syn kunnskapsrike og utviklingsorienterte i forhold til oppgåvene dei skal løyse. Vidare at selskapet verkar godt organisert med ein profesjonell kommunikasjon med omverda.

## **Om eigarstyring**

Rapporten klargjer også eigarstyringa av ÅRIM med utgangspunkt i styringsorgana, styringsdokumenta og kommunikasjonen mellom ÅRIM og Ålesund kommune. Når det gjeld kommunikasjonen, så er det skilt mellom styring- og samarbeidskommunikasjon, der ein i forhold til sistnemnde tenkjar på leverandør- og kunderollar som dei har ovanfor kvarandre. Det er også sett på kommunikasjonen som har vore i forhold til Tafjord Kraftvarme AS, som saman med ÅRIM og Binga Næring er sentrale innanfor avfallshandtering i Ålesundsregionen.

## **Styringsorgana**

Styr til ÅRIM framstår etter vurderinga til kommunerevisjonen som profesjonelt og aktivt. Det blir peikt på at det er breitt samansett, og reflektere det politiske og administrative fokuset i forhold til samansettinga av styre som blei trekt opp i den siste eigarskapsmelding til Ålesund kommune.

KS tilrår å setje av tid til kompetanseutvikling gjennom opplæring eller eigarskapsseminar for alle folkevalte i løpet av dei første 6 månadene og etter 2 år, og at det jamleg blir gjennomført eigarmøte mellom representantar frå eigar, styrt og dagleg leier. Den generelle politikaropplæringa for ein ny valperiode blir ikkje vurdert som tilstrekkeleg for dei som har verv i eit representantskap. Det blir likevel peikt på at det er svært sentrale politikarar som forvaltar desse posisjonane i ÅRIM, så i forhold til eigarskapsutøvinga av ÅRIM kan det vere mindre relevant. Om ein derimot vurderer den samla portefølje av alt eigarskap i alle kommunane på Sunnmøre, bør ein kanskje vurdere å gi Sunnmøre Regionråd ei rolle i samanheng med opplæring av nye folkevalte i forhold til eigarstyringa.

I tillegg til opplæring, antyder også kommunerevisjonen at det bør gjerast eit framstøyt mot regionrådet med sikt på å avklare om dei kan hospitere interkommunale arenaer for å utarbeide eigarskapsmelding. Det kan vere med på å synligjøre eventuelle ulike vurderingar om kva som bør vektleggjast i eigarskapsmelding, samt vere med på å skape eit grunnlag for ei felles forståing i forhold til utviklinga til selskapa. I dette ligg også ei vurdering av korleis ein eventuelt bør formalisere og koordinere eigarmøte (ein uformell arena) mellom selskapa og dei av eigarane som er medlemer i regionrådet.

Når det gjeld rolla til rådmannen i eigarstyringa, så presisare kommunerevisjonen at det etter synet deira er viktig at administrasjonen er involvert for å sikre god kontinuitet, men at det kanskje også bør gjerast somme tydelege avklaringar i forhold til dei ulike rollane.

### **Styringsdokumenta**

Kommunerevisjonen melder at Ålesund kommune har ei god og omfattande eigarskapsmelding. Den trekkjer opp generelle prinsipp, og gir ein oversikt over alle selskapa som kommunen har ein eierdel i. Det er mange selskap og det gir ei omfangsmessig avgrensing i forhold til at den aleine kanskje ikkje er tilstrekkeleg for å utøve eigarskap for dei større selskapa. Det som går fram om ÅRIM spesifikt, er ei forventing om at selskapet driv effektivt, og synleggjør stordriftsfordelar som held avgifta på dagens nivå. Vidare at selskapet skal vere ein pådrivar for å få fram solid kunnskap om gode miljøloysingar, og ha grundige prosessar når det gjeld endringar.

Representantskapet i ÅRIM la fram ein langsiktig strategiplan. Den einskilde eigarkommunen og allmenheten, blei i denne prosessen etter synet til kommunerevisjonen involvert på ein god måte i forhold til det å trekkje opp dei opp lange utviklingslinjene for avfallshandtering for Ålesundsregionen. Strategiprosessen med ein høyningsrunde gav etter vurderinga deira representantskapet eit breitt vedtaksgrunnlag. Det blir peikt på at representantskapet einstemmig valde ein strategi som i all hovudsak var samanfallande med vedtaket i bystyret.

Strategiplanen er etter synet til kommunerevisjonen eit godt eigna reiskap for selskapsstyring. Dei melder at eigarskapsmelding og strategiplanen utfyller kvarandre på ein god måte i forhold til ÅRIM. Ei eigarskapsmelding kan ikkje vere detaljert i forhold til kvart selskap. Det ville gitt eit omfattande dokument, og krevje ein heller kapasitet og kompetanse av dei som skal utarbeide den. Kommunerevisjonen anser også erfaringa med ÅRIM sin strategiprosess som så god, at det bør vurderast å stille krav til ein strategiplan i eigarskapsmelding for dei selskapa der kommunen har ein vesentleg eierdel. Det blir også peikt på at det er viktig at denne strategiplanen blir forankra i det organet som utøver eigarstyring for kommunen, altså kommunestyret.

**På bakgrunn av ovanståande legg ein saka fram for kontrollutvalet med forslag om slike**

### **vedtak:**

Kontrollutvalet tek saka til orientering.

Bjørn Tømmerdal  
Dagleg leiar  
Sunnmøre kontrollutvalsekretariat

**Sak 04/18 - Oppdatering angående eigarskapskontroll av Stranda Energi AS, Stranda Eigedomsselskap AS og Byrg Kompetanse AS.**

Vedrørende eierskapskontroll Stranda - status

Etter gjennomført korrespondanse vedrørende oppstart og avklaring av ramme for kontrollene er det avholdet møte med styreleder og daglig leder i Byrg Kompetanse AS. Dokumentasjon som ble lovet er deretter mottatt.

Det samme gjelder Stranda Eigedomsselskap AS der møte også er holdt. Etterspurt dokumentasjon ble mottatt 9. april fra eigedomsselskapet.

Når det gjelder Stranda Energi AS er det berammet møte med daglig leder mandag 16.ds.

Som vi tidligere såvidt har omsnakket kan det synes hensiktsmessig å innarbeide eierskapskontrollen i ett og samme dokument. Som ledd i ferdigstilling før utsendelse til gjennomsyn ønsker jeg en gjennomgang med med ordfører og rådmann. Dette møtet er ennå ikke berammet.

Jeg skulle tro at rapportutkastet mv. skulle være klart fra min side i løpet av første halvdel av mai d.å., muligens litt tidligere.

Kjetil Kvammen  
Juridisk rådgiver  
Sunnmøre kontrollutvalsekretariat

## **Sak 05/18 - Årsrapport 2017 Skatteoppkrevjaren i Stranda kommune.**

Sjå vedlagte rapport frå Skatteoppkrevjaren i Stranda kommune. Kontrollutvalet i Stranda kommune står som kopi på denne rapporten og den legges fram for utvalet uten nokon sakshandsaming. Hvis kontrollutvalet ynskjer å kommentere eller ta opp eit eller fleire høve ved rapporten står, kontrollutvalet fritt til å gjere dette.


**På bakgrunn av ovanståande legg ein saka fram for kontrollutvalet med forslag om slikt**

**vedtak:**

Kontrollutvalet tek saka til orientering.

Bjørn Tømmerdal  
dagleg leiar  
Sunnmøre kontrollutvalsekretariat

# Årsrapport for 2017



**Skatteoppkrevener i  
Stranda kommune**

<b>1. Generelt om skatteoppkreverens virksomhet .....</b>	<b>3</b>
1.1 Skatteoppkreverkontoret – organisering, ressurser og kompetanse.....	3
1.2 Internkontroll .....	4
1.3 Skatteinvalg .....	5
1.4 Skattekontorets kontroll av skatteoppkreverfunksjonen .....	5
<b>2. Skatteregnskapet.....</b>	<b>6</b>
2.1 Avleggelse av skatteregnskapet .....	6
2.2 Vurdering av skatteinngangen .....	6
2.3 Margin .....	7
<b>3. Innfording av krav .....</b>	<b>7</b>
3.1 Restanseutviklingen.....	7
3.2 Innfordingens effektivitet.....	9
3.3 Særnamskompetanse.....	9
<b>4. Arbeidsgiverkontroll.....</b>	<b>9</b>
4.1 Organisering av arbeidsgiverkontrollen .....	9
4.2 Planlagte og gjennomførte kontroller.....	10
4.3 Resultater fra kontrollene.....	10
4.4 Vurdering av kontrollaktiviteten.....	10
4.5 Samarbeid med andre kontrollaktører .....	10
4.6 Gjennomførte informasjons- og veiledningstiltak.....	10


## 1. Generelt om skatteoppkreverens virksomhet

Skatteoppkreverne skal i henhold til Skatteoppkreverinstrukturen § 2-9 nr. 1 utarbeide en årsrapport i samsvar med retningslinjer gitt av Skattedirektoratet. I henhold til § 3-3 nr. 2 skal skatteoppkreveren også utarbeide et årsregnskap som vedlegges årsrapporten.

Årsrapporten skal omhandle hvordan oppgavene skatteregnskap, innkreving og arbeidsgiverkontroll er ivaretatt ved skatteoppkreverkontoret.

### 1.1 Skatteoppkreverkontoret – organisering, ressurser og kompetanse

#### Organisering



#### Ressurser

For 2017 er det 1 årsverk ved skatteoppkreverkontoret som benyttes til skatteoppkreverfunksjonen.

Tabellen viser ressursbruk ved skatteoppkreverkontoret, fordeling av årsverk per område

	Årsverk	%-andel fordelt
Skatteregnskap	0,3	30 %
Innfording	0,3	30 %
Arbeidsgiverkontroll	0,3	30 %
Administrative oppgaver	0,1	10 %
<b>SUM</b>	<b>1</b>	<b>100 %</b>

#### Vurdering av ressurssituasjon og kompetanse

Økonomisjefen er tillagt funksjonen som skatteoppkrevjar. Økonomisjefen er dessutan ansvarleg for å utarbeide/koordinere budsjett og økonomiplan, for økonomioppfølging og rapportering, og for finansforvaltninga til kommunen.

Stranda kommune bruker 60 % stilling til skatteoppgåver. I tillegg bruker økonomisjefen om lag 10 % av arbeidstida til skatteoppkrevjarsfunksjonen, og kommunen disponerer dessutan om lag 0,3 årsverk i den interkommunale arbeidsgjeverkontrollen. Til saman bruker kommunen såleis om lag 1 årsverk på arbeid med skatteinnkrevjinga.

Vi viser til instruks for skatteoppkrevjarar, og gjev følgjande utgreiling om arbeidet ved skatteoppkrevjarkontoret i rekneskapsperioden.

Innkrevjingsarbeid og føring av skatterekneskapen ligg til konsulentstillinga.

Arbeidsgjevarkontrollen står for informasjon og rettleiing i samband med kontollar. Generell informasjon og rettleiing har skatteoppkrevjaren ansvar for. Det blir gitt informasjon om reglar og retningsliner til alle nye arbeidsgjevarar.

Kontorkontrollen er det skatteoppkrevjarkontoret sjølv som står for. Det førast kontroll med at pliktige oppgåver blir levert til rett tid, og at dei er fullstendig og korrekt utfylte. Arbeidsgjevarar som sender mangelfulle eller feil utfylte oppgåver, får tilbakemelding om dette. Det blir vidare ført kontroll med at betalinga skjer til rett tid. Kontorkontrollen blir utført løpende etterkvart som oppgåver og innbetalingar kjem inn.

